

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 11.05.2020
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven/ Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Strategi forskning og innovasjon**

ARKIVSAK: 2020/4565

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.05.2020

STYRESAK:
034/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar Strategi for forskning og innovasjon 2020-2025 til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram forskings –og innovasjonsstrategi for Helse Førde. Denne avløyser gjeldande strategi, som vart vedteken i 2014 for perioden 2014-2020.

Forskning er ei av fire kjerneoppgåver for spesialisthelsetenesta. I Nasjonal helse og sjukehusplan¹ som nyleg vart vedteken, er det understreka at forskning er nødvendig for å skape betre helsetenester, t.d. gjennom auka bruk av helsedata. Forskingsaktiviteten i Helse Førde er under oppbygging, og denne strategien skal bidra til retning og vegval framover.

Det er etter kvart gitt sterkare føringar om innovasjon som ofte blir knytt tett mot forskning. Helse Førde sin aktivitet på innovasjonsfeltet har auka og vorte mykje tydelegare sidan førre strategi vart vedteken. Det er framleis eit stort potensiale for innovasjon i Helse Førde og i samarbeid med andre.

Denne strategien har som hovudmål at Helse Førde skal bli ein varig forskingsorganisasjon. I dette legg ein at Helse Førde skal vere ein organisasjon som legg til rette for forskning, der leiarane er trygge på kva roller og ansvar dei har i høve forskning, og der forskning og innovasjon er ein integrert del av verksemda.

For å nå målet har strategien åtte tiltakspakkar med følgande delmål:

1. Leiarar i Helse Førde skal gjerast i stand til å leie forskings- og innovasjonsarbeid, slik at kliniske avdelingar skal ønskje forskning i si avdeling og kjenne eigarskap til forskingsprosjekt utført av sine tilsette
2. Stab- og støttefunksjonar skal støtte forskingsverksemd som del av sine driftsoppgåver
3. Vidareføring og utviding av strategiske forskingssatsingar
4. Utvikle forskingssamarbeid med kommunar
5. Sikre gode karriereveggar for tilsette med forskingskompetanse
6. Mogleggjere lågterskel innovasjon og styrke samarbeid med næringslivet om utvikling og kommersialisering i neste fase
7. Auke tenesteinnovasjon
8. Målretta rekruttering

Strategien legg til grunn at Helse Førde held fram med opptrapping av aktivitetar og ressursbruk knytt til forskning og innovasjon for å kunne nå hovudmålet om å bli ein varig forskingsorganisasjon. Det er også eit siktemål å auke forskings –og innovasjonsresultata. Det er av den grunn talfesta eit sett indikatorar både innanfor forskning og innovasjon som skal bidra til å nå måla. Desse indikatorane fordrar ein markert auke i aktivitet og ressursbruk. Dette inneber prioritering og dreining frå ressursbruk til andre føremål, gitt at Helse Førde si ramme ikkje aukar i åra framover.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/sykehus/nasjonal-helse--og-sykehusplan2/nhsp-2015/nasjonal-helse--og-sykehusplan-2015/id2661464/>

Fakta – bakgrunn

Helse Førde sin noverande forskingsstrategi strekkjer seg til 2020. Då den vart utarbeidd, var fokus å starte arbeidet med å bygge ein forskingsstruktur og få opp forskingsaktiviteten. Fram til 2014 bar forskinga i Helse Førde preg av å vere fragmentert, der prosjekt vart sett i gang basert på initiativ frå den einskilde forskar i staden for å vere del av ei større tenking/strategi. Forskingsmiljøa var svært sårbare.

Nokre hovudelement i denne strategien var å etablere tematiske forskingsgrupper, starte arbeidet med å lage ein struktur rundt forskinga og styrke samarbeidet med eksterne partnarar. Vidare skulle ein styrke og utvikle forskings- og innovasjonsaktiviteten, og auke ressursbruken til forskning til 1prosent av samla budsjett. I tillegg skulle ein setje av ressursar til innovasjon.

Sidan denne strategien vart vedteken, har det skjedd mange endringar i planverk, overordna føringar og innan forskning og innovasjon. I Helse Førde er det mellom anna i 2018 vedteke ny *Utviklingsplan Helse Førde 2035* som stakar ut kursen for framtidens sjukehus. I denne planen er forskning og innovasjon eit viktig element. Denne strategien er ei oppfølging og vil vere del av utviklingsplanen til Helse Førde.

Utviklingsplanen peikar på fleire innsatsområde for forskning og innovasjon som gir føringar for arbeidet:

- Utvikle og sikre ein meir robust og tydeleg organisasjon for forskning og innovasjon
- Auke innsatsen til klinikknær forskning og innovasjon, samt infrastruktur og støttefunksjonar
- Legge til rette for helsenæringsutvikling i samarbeid med eksterne

Strategien har vore utarbeidd av ei prosjektgruppe, leia av professor og psykologspesialist Christian Moltu. I tillegg har det vore prosjektdeltakarar frå klinikkane, og ein ekstern representant frå Helse Fonna (fagdirektør). Styringsgruppe for arbeidet har vore samsvarande med styringsgruppa for dei tematiske forskingssatsingane i Helse Førde. Ein har henta inn innspel frå interne og eksterne interessentar i samband med utarbeidinga. Det har mellom anna vore informert i klinikkråd og brukarutval, og det har vore høve til å komme med innspel på e-post. Strategien har vore lagt ut på høyring. Det kom inn sju høyringssvar frå følgjande institusjonar: Høgskulen på Vestlandet, Vestland fylkeskommune, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Stavanger, Kinn kommune, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane. Det kom ingen innspel frå eigen organisasjon. Høyringssvara er vedlagt saka (vedl. 2 og 3).

Utdrag frå høyringsinnspela:

- Høgskulen på Vestlandet: «*Helse Førde har særskild gode moglegheiter til å gjennomføre forskning og innovasjon i godt samarbeid med kliniske avdelingar, kommunar, næringsliv,*

og Høgskulen på Vestlandet (...) Det er positivt at strategien også har eit tydeleg fokus på innovasjon. (...) I målsetting om å auke delen tilsette med doktorgradskompetanse bør fleire framtidige doktorgradskandidatar bli knytt til HVL sine phd-program Helse, funksjon og deltaking, og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling.»

- Kinn kommune: «*Det er aktuelt for Kinn kommune å delta i forskingsprosjekt som vert leia av HF sitt kompetansemiljø, gjerne i eit samarbeid med Sunnfjord kommune. (...) Kinn kommune ønskjer å utvikle seg til ein endå meir innovativ kommune. Det er då viktig at ein legg til rette for prosjekt som vi kan sjå nytten av.»*
- Helse Stavanger: «*Det overordnede bakteppet og Helse Førde sin visjon knyttet til forskningen er svært positiv og en synes å vektlegge lokale fortrinn på en konstruktiv måte med kunnskap, samarbeid og verdiskaping som overskrifter. (...) I strategien listes det også opp indikatorbaserte mål for 2023 og 2025 noe som er tydeliggjørende og vurderes som svært positivt.»*

Kommentarar

Ny strategi fangar opp dei endringane som har skjedd i forrige planperiode, og peikar ut vegen vidare. Helse Førde sin forskingsaktivitet er meir robust enn tidlegare, men framleis må det arbeidast for å få opp aktiviteten i større delar av organisasjonen for kunne seie at vi er ein varig forskingsorganisasjon. Når det gjeld innovasjon, er aktiviteten aukande, men Helse Førde er framleis ein relativt umoden organisasjon på dette området.

Dei to siste åra har det vorte lagt opp til ein forsiktig gradvis opptrapping av ressursbruken til forskning og innovasjon. Administrerande direktør legg til grunn at det er behov for vidare styrking og at strategien skal danne grunnlag for korleis styrkinga skal skje. Ressursbruken framover vert å handsame i ordinære budsjettprosessar, og dette føreset prioritering.

Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram Strategi for Forsking og innovasjon 2020-2025 for styret.

Vedlegg:

1. Forskings –og innovasjonsstrategi Helse Førde 2020-2025
2. Høyringsinnspel_del1
3. Høyringsinnspel_del 2
4. Strategi for forskning og innovasjon i Helse Førde 2014-2020